



01/12/2017

Norges  
nasjonalparker

# Rapport 2017

## Lom nasjonalparklandsby



Foto: Visit Jotunheimen

Levert: 1. desember 2017

Utført av: Åshild M. Amundsen, landsbykoordinator i Lom kommune

# Innleiing:

I 2016 fekk Lom nasjonalparklandsby tilskot til implementering av den nye merkevaren for Norges nasjonalparker, i samarbeid med Norsk fjellsenter og Jotunheimen nasjonalpark.

Denne pilotstatusen har medført ein god del prøving og feiling, og arbeidet har skjedd i både 2016 og 2017. Tiltaksplanane dei siste to åra ber preg av dette, sidan implementeringsarbeidet har gjort at det har vorte mindre tid til andre tiltak. I tillegg vart tilskotet til dei fem nasjonalparklandsbyane mindre enn budsjettert i 2017, noko som har gjort at enkelte tiltak har vorte kutta ut. Tiltaket om å lage ein introduksjonsvideo til sesongarbeidarane for å auke kompetansen om Lom som destinasjon måtte t.d. nedprioriterast.

Totalt sett har det likevel vorte gjennomført mange ulike tiltak, og vi har kome i mål med både turskiltprosjektet og det meste av implementeringsarbeidet.

Denne rapporten går kort gjennom status for dei ulike tiltak.

Dette gjeld også tiltak frå 2016 som har vorte «overført» til 2017 for ferdigstilling.

Heilt til slutt blir det ei oversikt over økonomien.

Det har vorte gjennomført eitt møte i Landsbyrådet i 2017, med val av nytt Landsbyråd.

Her sitt no Magny Hilde som leiar (Norsk fjellsenter), Mari Wedum (Visit Jotunheimen), Arnt Rune Vole (handelsstanden), Bjarne E. Holø (formannskapet), Egil Olav Nyrnes (landsbyvakt) og Torgeir T. Garmo (privat næringsdrivande). Åshild M. Amundsen er fortsatt koordinator og sekretariat.



Video-opptak på Lomseggen, haust 2017. Foto: Visit Jotunheimen

# 1. Utvikling av Bergomsrunda



Arbeidsmøte på Norsk fjellsenter om Bergomsruda. Foto: Åshild M. Amundsen

Bergomsrunda er allereie utvikla med skilt og brosjyrar, men det har vore eit ynskje om å utvikle konseptet vidare til guida turar. Det finst mange kunnskapsrike folk i Lom med lang erfaring, og det er naudsynt å få denne kunnskapen ned på papiret, slik at den kan vidareformidlast av fleire i framtida.

Dette tilskotet gjekk til Norsk fjellsenter, og det er dei som har hatt hovudsansvar for gjennomføring og implementeringen. Koordinator har delteke på tre samlingar ang. dette.

Det har vorte samla inn mykje material, og laga ein manual som har vorte testa ut nokre gonger i 2017 av Norsk fjellsenter og Aktiv i Lom.

Det er naudsynt å utvikle den vidare for at det skal bli eit kommersielt levedyktig produkt, men no har ein i alle fall laga eit grunnlag som det kan jobbast vidare med.

[Manualen finn du her:](#)



Guiding langs Bergomsrunda med kjentmann Torgeir T. Garmo. Alt vart filma, og deretter ført ned på papiret.

Foto: Åshild M. Amundsen

## 2. Ljossetting av Prestfossen



Prestfossen med ljos på seg. Norsk fjellsenter og Lomseggen i bakgrunnen. Foto: Mai Bakken

Å sette ljos på Prestfossen var eit flott initiativ frå ein privatperson i Lom (Tor Arne Sandviken). Prestfossen ligg sentralt til i nasjonalparklandsbyen, med m.a. Lomseggen og Norsk fjellsenter på eine sida og Bakeriet i Lom m.fl. på andre sida.

I spleislag med fleire gjekk derfor Lom nasjonalparklandsby (og Lom kommune) inn med midlar for å få dette til.

Næringsliv, bank og privatpersonar bidrog au.

Resultatet er synleg på bildet over, og har gjort Prestfossen meir synleg i sentrumsbildet au på vinterstid.


### 3. Implementering av ny merkevarestrategi

Som nemnt i innleiinga fekk Lom nasjonalparklandsby status som pilot for implementering av den nye merkevarestrategien for Norges nasjonalparker. Sidan vi allereie har brukt mykje tid og ressursar på eksisterande infrastruktur, fekk vi lov til å behalde noko av dette, t.d. trerammer på infoskilta. Elles har alt av layout, mykje av tekstmateriellet (på tre ulike språk) og mange av bildane vorte revidert i prosessen.

Dette inkluderte:

- Ti ulike Bergomsrunde-skilt
- 1 nytt «Fotturar i Lom»-skilt, plassert fem ulike plassar i sentrum
- Ny fotturbrosjyre på norsk, engelsk og tysk
- Tre nye brosjyrekasser
- Tre nye vegskilt i innfallsportane til Lom

Alt er illustrert under. Arbeidet vart gjort i tett dialog med Miljødirektoratet, som har godkjent alle endringane:



Alle dei tre innfallsportane til Lom har no fått nytt design og tekst.  
Bildet til venstre er nytt design, bildet til høgre er det gamle.

Nye brosjyrar for Bergomsrunda og fotturane rundt Lom nasjonalparklandsby på norsk, engelsk og tysk, i tråd med den nye merkevara for Norges nasjonalparker:



**Welcome to Lom National Park Village**

**No. 1 The Road to the Summer Pastures**

Starting from the road, the road leads through the valley down to the village. Here you can see the Lomseggen in the background.

**No. 2 Lomseggen**

During the summer you can walk through the valley down to the village. Here you can see the Lomseggen in the background.

**No. 3 Cultural Path Bordvassvegen**


Accompanying a cultural path where you can learn about the history of the area and its traditions and crafts.

**No. 4 Tronoberget**

A walk up Tronoberget offers a great view of the village and the surrounding landscape.

**Walks in Lom National Park Village**

Map & Information



**Bergomsrunda walk – where nature meets culture**

The brochure for Lom National Park Village features a map of the village and surrounding areas, along with several photographs of the local landscape and activities.

**Practical information:**

- Accommodation: Lom Guesthouse, Lom Inn, Lom Motel, Lom Hotel, Lom Apartments, Lom Cabin, Lom Camping, Lom Hostel.
- Activities: Hiking, mountain biking, rafting, kayaking, canoeing, fishing, bird watching, horse riding, cycling, Nordic walking, snowshoeing, dog sledding, snowmobiling, cross-country skiing, snowboarding, ice skating, snowshoeing, dog sledding, snowmobiling, cross-country skiing, snowboarding, ice skating.
- Transport: Bus, car, bicycle, boat, plane.
- Food: Lom Restaurant, Lom Inn, Lom Motel, Lom Cabin, Lom Camping, Lom Hostel.
- Information: Lom National Park Village Information Center.



Til venstre i bildet under: Oppdaterte tavler med nytt design utanfor m.a. Norsk Fjellsenter. Foto: Åshild M. Amundsen

Til høgre under: Nye brosjyrekkasser må til, sidan dei nye brosjyrane har eit større format enn dei gamle.  
Foto: Nils Teigen



## Bergomsrunda

Der natur møter kultur

Where nature meets culture  
Begegnung zwischen Natur und Kultur

- Lom nasjonalpark-landsby**
- Bergomsrunda**
- Der natur møter kultur**

**Lom stavkyrkje**

Lom stavkyrkje er en av de eldste stavkirnene i Norge. Den er opp fra det siste til året til 1150-55, og har fått vort kyrkje over den, og har vært brukt som til bautakirke, men restaurert igjen i 1880-90-tallet. Denne stavkirken er en av de få som ikke har vært gjort om etter 1100-årsperioden. Denne stavkirken er en av de få som ikke har vært gjort om etter 1100-årsperioden.

**Die Stabkirche von Lom**

Die Kirche von Lom ist eine der grössten und schönsten Stabkirchen des Landes. Ausgenommen dass restauriert wurden, dass sie gegen Ende des 11. Jahrhunderts errichtet wurde. Im 17. Jh. wurde die Kirche wieder aufgebaut. Die Kirche ist eine der wenigen, die nicht umgestaltet wurden. Sie ist eine der wenigen, die nicht umgestaltet wurden.

Over: Utsnitt frå ny Bergomsrunde-tavle om Lom stavkyrkje

## 4. Kulturstigen «Setervegen til fjells» frå Lom til Skutlan



Da var kulturstigen endeleg på plass, med 16 nye skilt! November 2017. Foto: Nils Teigen

Den gamle kulturstigen opp til Soleggen har vore eit prosjekt over to år, da vi fekk tilskot til oppgraderingen i april 2016. Prosessen fram mot ferdigstillinga av kulturstigen i november 2017 har tatt tid, men vi er fornøgde med resultatet. Her kjem ei kort oppsummering av det som har vorte gjort:

- Stigen vart merka på nytt att av Egil Olav Nyrnes, landsbyvaka vår. Dette arbeidet har vorte gjennomført både på dugnad, med eigne midlar og med tilskot frå turskiltprosjektet. God merking har nødvendigvis mykje å si for bruken av stigane, inkludert denne kulturstigen til Skutlan.
- Ei arbeidsgruppe vart danna for å jobbe med prosjektet. Gruppa vart beståande av koordinator, Lom IL v/ Hallgeir Garmo , kjentmann Reidar Marstein, Norsk fjellsenter / Gudbrandsdalsmuseet v/ Thea Dalen og informasjonsansvarleg i Lom kommune, Ola Rossehaug.
- Gjennomføring av tre synfaringar, der m.a. tekstene frå dei gamle skilta vart ført inn på PC'en.
- Kontakt med grunneigarane via brev eller e-post for å sikre at det er greitt med nye skilt. Alle var positive.
- Utarbeiding av tekst og bildematerial til 16 nye skilt. Det er dette arbeidet som har tatt mest tid.
- Oversetting av all tekst frå norsk til engelsk, med innleidd konsulent (Halvor K. Hosar)
- Bjørn Krey har teikna illustrasjonar til tre av skilta
- Korrekturlesing og arbeid med design og layout saman med Løwehjerte AS

I 2017 fekk vi midlar til å sette ut to benker langs stigen. Dette arbeidet må gjennomførast i 2018, da hovudfokuset i 2017 har vore å få på plass tavlene langs ruta. Det er også søkt om nye midlar til enkel sikring i 2018, da det kan bli veldig glatt på deler av strekninga på vinterstid.



Bildet over: Arbeidsgruppa på synfaring i 2016. Foto: Ola Rossehaug.

Bildet under: Utsnitt frå to av tavlene

### Kan du namna på desse dyra?

Wildlife (Can you name these animals?)

Oppdatert rundt Ljøråberget har et rikt dyreliv. Her kan du se spor etter hjort, elg, rådyr, hare, svartgjøs, jerv, ekorn m.m.

The area around Ljøråberget has a rich wildlife. Here you can see traces of deer, moose, black grouse, hazel grouse, squirrel etc.

### Vassvegen

Irrigation path

Her går du over ein vassveg, men kvar er vatnet? Denne vassvegen er ikke lenger i bruk, men hjå Lom Bygdamuseum i Presthaugen kan du sjå ein vassveg i drift, slik den var brukt i tidlegare tider.

We are passing over an irrigation path here, but where is the water? This irrigation system is no longer in use, but in Lom Bygdamuseum (Lom Open Air Museum) at Presthaugen you can see such a system still working.

**VISSTE DU AT?** Frå grunne vor til høgda har det vært nødvendig med innretning vannet til å drenere ned i bygda. Det eldste kjende sann bantverk dette gjekk framdeles til midten av 1800-talet. Fra denne og fram til 1900-talets begynnelse ble det opprettet mange grønne kanaler i gardsane. I dag ligg mange av desse vannene som bidrar til området s landskap. Nokre av desse framleis i bruk.

**WORTH KNOWING:** Owing to the dry climate artificial irrigation to the fields has always been necessary. The oldest source describing this goes back to the 1800s. From snowmelt and lakes in the mountains, water was led to the farms. Today many of the dug-tracks (irrigation paths or water-courses) are left as cultural elements throughout the landscape. Some of them are still in use.



## 5. Fotografering og video av nasjonalparklandsbyen



### Fotografering:

Det vart sett av kr. 20 000 til fotografering gjennom eit heilt år, altså frå sumaren 2016 til sumaren 2017. Ei avtale vart inngått med fotograf Live Andrea Sulheim, som no har tatt bildar frå Tronoberget, Geitupphøe, Lomseggen, Soleggen og Bordvassvegen. Alle bildane ligg lagra i Skyfish og kan brukast til profilering i samarbeid med m.a. destinasjonsselskapet Visit Jotunheimen.

### Video:

Det vart sett av kr. 50 000 til å lage ein videofilm av Lom nasjonalparklandsby gjennom året, tilsvarande som på fotografering. Ove Nestvold og Ola Rossehaug fekk oppdraget, og tatt totalt 40 timelapsar, der 15-20 av dei blir brukt i ein profilingsvideo av Lom. Det er også laga eigenkomponert musikk til.

Nasjonalparklandsbyen har også tilgang til råmaterialet, som består av totalt 20-25000 enkeltbildar.

# 6. Digitalisering av fotturar

Lom har mange flotte turstigar, men ingen av turane rundt nasjonalparklandsbyen har vore tilgjengeleg digitalt. På bakgrunn av dette vart det søkt om midlar til digitalisering.

Følgjande har vore gjennomført:

- Alle stigane er gått opp med GPS.
- Dialog med turappen Outtt, der m.a. nabokommunane Vågå og Skjåk er presentert. Har ikkje gått inn medlemskap der pr. dags dato pga. manglende driftsfinansiering.
- Omar Lien har vore innleidd som konsulent for å kvalitetssikre GPS-spora opp mot flyfoto og laserdata, slik at desse er i tråd med kvalitetskrava til Statens Kartverk. Dette har vorte gjort for turar rundt sentrum, i Garmo og i Bøverdalen.
- Åtte ruter ligg no inne på [www.ut.no](http://www.ut.no) (sjå utsnitt under) med bildar, tekst og kart. Dei same rutene skal au leggast ut på [www.lommekjent.no](http://www.lommekjent.no)

The screenshot shows the UT.no website interface. At the top, there's a navigation bar with links for 'Forside', 'Turforalas', 'Ruter', 'Lege inn din turar', and 'Velg profil'. Below the navigation is a search bar with placeholder 'Sek på UT.no' and icons for search, location, and map. A user profile icon for 'LOM KOMMUNE' is visible. The main content area displays four tour profiles ('Sist oppdært') and a map.

- TRONØBERGET / GEITUPPHØE:** FOTTUR I LOM NASJONALPARKLANDSBY. Ein tur nær Reinheimen nasjonalpark med fantastisk utsikt ned mot Lom sentrum og over mot Lomseggen med toppene Eggjåsøken (1524 moh) og Stø. **Fottur: Hindale.** 2,8 km t/m. **Kart:** Lom kommune.
- SKIMHYTTA:** FOTTUR I LOM NASJONALPARKLANDSBY. Ein barnevennleg tur i Lom. Ruta går langs vatnet Skim på nordsiden frå bruenden, frå Tronodden til Staurustberget. **Fottur: Eikel.** 3,3 km t/m. **Kart:** Lom kommune.
- BORDVASSVEGEN:** FOTTUR I LOM NASJONALPARKLANDSBY. Bordvassvegen er ein kulturstig der du følgjer ein gammel vassveg og får kjennskap til historia og tradisjonane rundt vannmønsteret i Lom... **Fottur: Eikel.** 3,4 km t/m. **Kart:** Lom kommune.
- BERGOMSRUNDA:** FOTTUR I LOM NASJONALPARKLANDSBY. Lom sentrum, Fossbergom, er ein av fem tettstader i Noreg som har status som nasjonalparklandsby, og er ein naturlig innfallsport til nasjon... **Fottur: Eikel.** 3,9 km t/m. **Kart:** Lom kommune.

To the right of the tour profiles is a detailed 3D map of the Lom area, showing terrain, water bodies, and various landmarks like Horungen, Nordre La, Lomseggen, Kvitbjørnskogen, Louvhøe, Nærde Trollsteinhus, and Gautesanden. A blue circle highlights the town of Lom. A legend in the bottom right corner of the map area says 'Start kart'.

Turane rundt nasjonalparklandsbyen ligg no på [www.ut.no](http://www.ut.no) under profilen til «Lom kommune».

## 7. Andre relevante tiltak

Det er fleire tiltak andre tiltak i 2016 / 2017 som har vore viktige for å utvikle nasjonalparklandsbyen vidare, men der vi berre har brukt eigeninnsats og ikkje tilskot.

Dette gjeld mellom anna:

- Festivalen Lomsfest, arrangert for første gong i 2017, med i underkant av 30 ulike arrangement i løpet av ei oktoberhelg. Kommunen var initiativtakar og koordinator, men næringsliv og friviljug sektor bidrog i stor grad
- Handelshelga «Jul i Lom», der koordinator har deltatt i ei arbeidsgruppe saman med handelsstanden og Visit Jotunheimen
- Fleire kompetansehevande arrangement for næringslivet knytt til m.a. digitalisering og omstettingsprosesser, m.a. næringspub og frukostmøte
- Ferdigstilling av turskiltprosjektet, med ny skilting av alle turane rundt Lom nasjonalparklandsby
- Deltaking på to videoopptak frå Lomseggen saman med Visit Jotunheimen, deriblant denne: [Videoen kan sjåast her:](#)

Under ligg foto med glimt frå desse tiltaka:



Næringspub med Åge Skinstad og NHO.



Frukostmøte på nye BrimiBue



Nasjonalparklandsbyen er pynta med flagg under Lomsfest 2017.



Ny skilting opp til m.a. Skutlan

# Økonomisk oversikt:

Sidan tiltaka i 2016 og 2017 i stor grad har overlappa kvarandre, blir denne rapporten ein samlerapport for tiltak som ikkje vart ferdigstilt i 2016, tiltaksplanen i 2017 og implementeringen av den nye merkevarestrategien for Norges nasjonalparker.

Under ligg rekneskap pr. 1. desember 2017 for alle desse prosjekta.

Kravet er 50 % eigeninnsats / eigne midlar sett opp mot tilskotet.

I Lom ligg vi godt over dette kravet, jamfør oversikta under:

<b>Eigeninnsats + eigne midlar</b>	
Eigne midlar, 2016 og 2017	120699
Lønn, koordinator (40 %) 2016	260460
Lønn, koordinator (40 %) 2017 pr. 1. des.	243754
Totalt eigeninnsats + eigne midlar	624913
<b>Tilskot</b>	
Løyving VSP*-2016	170 000
Løyving VSP-2017	73132
Løyving implementering av ny merkevare	182000
Total løyving	425 132

\* Vsp står for «Verdiskapningsprogrammet for naturarven»

Nokre få reknningar har kome inn heilt på slutten av november, og har derfor ikkje vorte bokført enda. Dette står i så fall spesifisert.

Tilskotet frå VSP 2016 er no brukt opp, men som det går fram av rekneskapa under så står det att nokre midlar både frå VSP 2017 og frå implementeringsprosjektet.

Dei resterande midlane frå VSP 2017 vil bli brukt til benker opp langs kulturstigen «setervegen til fjells». Dei resterande midlane frå implementeringa vil bli brukt til m.a. nytt skilt v/ Lom camping, Fossheim steinsenter, fundamentering og flytting av ei tavle v/ Norsk fjellsenter og profilering knytt til den nye merkevara.

# Rekneskap for VSP 2016 (tal frå både 2016 og 2017):

		Regnskap	Regnskap
		2016	2017
Ansvar:	450 PROSJ-TEKN/MILJØ/TEKN./NÆRING		
Teneste:	3355 NASJONALPARKLANDSBY		
Prosjekt:	45016 VSP-TILTAK 2016		
1050	ANNA LØN	0	5040
1099	ARBEIDSGJEVARAVGIFT	0	323
1117	KOMMUNAL SERVERING	3870	490
1141	INFORMASJON	34911	0
1144	PROFILERINGSMATERIAL	7697	0
1370	KJØP AV TENESTER FRÅ PRIVATE	2957	49631
1429	MVA-AVG.PL.ANSKAFFELSER-DRIFT	10891	10533
1470	OVERFØRING TIL PRIVATE	19950	0
1550	AVSETJING TIL BUNDNE FOND	100615	0
	Sum utgifter	180891	66016
1729	KOMP. MVA ANSKAFFELSER DRIFT	-10891	-10533
1810	STATLEGE OVERFØRINGAR	-170000	0
3810	STATLEGE OVERFØRINGAR	0	0
	Sum inntekter	-180891	-10533
	Sum prosjekt: 45016 VSP-TILTAK 2016	0	55483
	Sum teneste: 3355 NASJONALPARKLANDSBY	0	55483
	Sum ansvar: 450 PROSJ-TEKN/MILJØ/TEKN./NÆRING	0	55483
	T O T A L T	0	55483
	Totalt løyvd VSP 2016:	170 000	
	Bruk pr. 1. desember 2017 eks. mva, bokført:	124869	
	Bruk pr. 1. desember 2017 eks. mva, ikkje bokført enda	45 131	
	<b>Gjenståande VSP 2016:</b>	<b>0</b>	

# Rekneskap for VSP 2017:

		Regnskap 2017
Ansvaret:	450 PROSJ-TEKN/MILJØ/TEKN./NÆRING	
Teneste:	3355 NASJONALPARKLANDSBY	
Prosjekt:	45017 VSP-TILTAK 2017	
1144	PROFILERINGSMATERIAL	5000
1354	KJØP AV TENESTER FRÅ SKJÅK KOMMUNE	2780
1370	KJØP AV TENESTER FRÅ PRIVATE	29750
1429	MVA-AVG.PL.ANSKAFFELSER-DRIFT	10008
1470	OVERFØRING TIL PRIVATE	2500
	Sum utgifter	50038
1729	KOMP. MVA ANSKAFFELSER DRIFT	-10008
3810	STATLEGE OVERFØRINGAR	-73132
	Sum inntekter	-83140
	Sum prosjekt: 45017 VSP-TILTAK 2017	-33102
	Sum teneste: 3355 NASJONALPARKLANDSBY	-33102
	Sum ansvar: 450 PROSJ- TEKN/MILJØ/TEKN./NÆRING	-33102
	<b>T O T A L T</b>	<b>-33102</b>
	Totalt løyvd VSP 2017	73 132
	Bruk pr. 1 desember 2017 (eks. mva) - bokført	40030
	Bruk pr. 1 desember 2017 (eks. mva) - ikke bokført enda	4869
	<b>Gjenståande VSP 2017:</b>	<b>28 233</b>

# Rekneskap for «Implementering av ny merkevare» (tal fra 2016 og 2017):

		Regnskap 2016	Regnskap 2017
Ansvaret:	450 PROSJ-TEKN/MILJØ/TEKN./NÆRING		
Teneste:	3355 NASJONALPARKLANDSBY		
Prosjekt:	45031 Implementering merkevare nasjonalparklandsby (2016)		
1144	PROFILERINGSMATERIAL	0	6650
1370	KJØP AV TENESTER FRÅ PRIVATE	0	79495
1429	MVA-AVG.PL.ANSKAFFELSER-DRIFT	0	21536
1550	AVSETJING TIL BUNDNE FOND	182000	0
1729	KOMP. MVA ANSKAFFELSER DRIFT	0	-21536
1810	STATLEGE OVERFØRINGAR	-182000	0
	Sum prosjekt: 45031 Implementering merkevare nasjonalparklandsby (2016)	0	86145
	Sum teneste: 3355 NASJONALPARKLANDSBY	0	86145
	Sum ansvar: 450 PROSJ-TEKN/MILJØ/TEKN./NÆRING	0	86145
	<b>T O T A L T</b>	0	86145
	Totalt løyvd, implementering av nye merkevare	182000	
	Bruk pr. 1. desember, 2017 (eks. mva) - bokført	86145	
	Bruk pr. 1. desember, 2017 (eks. mva) ikke bokført enda	6960	
	<b>Gjenstående, implementering nye merkevare</b>	<b>88895</b>	

# Bruk av eigne midlar, 2016 – 2017:

		Regnskap 2016	Regnskap 2017
Ansvar:	450 PROSJ-TEKN/MILJØ/TEKN./NÆRING		
Teneste:	3355 NASJONALPARKLANDSBY		
Prosjekt:	43011 LANDSBYRÅDET		
1010	LØN I FASTE STILLINGAR	0	0
1050	ANNA LØN	22860	0
1090	PENSJONSPREMIE KLP	1480	0
1092	AVTALEFESTA PENSJON	1037	0
1093	ULYKKES- OG GRUPPELIVSFORSIKRING	209	0
1099	ARBEIDSGJEVARAVGIFT	1543	0
1129	ANDRE DRIFTSUTGIFTER	5000	0
1151	KONFERANSER/MØTER	1000	0
1370	KJØP AV TENESTER FRÅ PRIVATE	12750	381
1429	MVA-AVG.PL.ANSKAFFELSER-DRIFT	6765	3182
1470	OVERFØRING TIL PRIVATE	14310	12348
1729	KOMP. MVA ANSKAFFELSER DRIFT	-6765	-3182
1950	BRUK AV BUNDNE FOND	-60188	0
	Sum prosjekt: 43011 LANDSBYRÅDET	0	12729
	Sum teneste: 3355 NASJONALPARKLANDSBY	0	12729
	Sum ansvar: 450 PROSJ-TEKN/MILJØ/TEKN./NÆRING	0	12729
	<b>T O T A L T</b>	0	<b>12729</b>
	Bruk av eigne midlar i 2016 og 2017, pr. 1. desember 2017 (koordinatorstillinga og dugnadsinnsats kjem i tillegg)	72918	
	Arbeid landsbyvakt 2017 (estimert, men ikke bokført enda)	47781	
	<b>Totalt</b>	<b>120699</b>	

# Lønnsmidlar, landsbykoordinator 2016 – 2017:

		Regnskap 2016	Regnskap 2017
Ansvar:	405 NÆRINGSSJEF		
Teneste:	3250 TILTAKSARBEID		
1010	LØN I FASTE STILLINGAR	499534	Ikkje relevant
1090	PENSJONSPREMIE KLP	91807	Ikkje relevant
1092	AVTALEFESTA PENSJON	5397	Ikkje relevant
1093	ULYKKES- OG GRUPPELIVSFORSIKRING	877	Ikkje relevant
1099	ARBEIDSGJEVARAVGIFT	38433	Ikkje relevant
	Sum teneste: 3250 TILTAKSARBEID	651149	
Teneste:	3258 Næringskontor		
1010	LØN I FASTE STILLINGAR	Ikkje relevant	465001
1090	PENSJONSPREMIE KLP	Ikkje relevant	86969
1092	AVTALEFESTA PENSJON	Ikkje relevant	5798
1093	ULYKKES- OG GRUPPELIVSFORSIKRING	Ikkje relevant	926
1099	ARBEIDSGJEVARAVGIFT	Ikkje relevant	35756
	Sum teneste: 3258 Næringskontor	Ikkje relevant	594450
	Sum ansvar: 405 NÆRINGSSJEF	651149	609385
	<b>T O T A L T</b>	<b>651149</b>	<b>609385</b>

40 % koordinator-stilling i 2016:	kr 260 460
40% koordinator-stilling pr. 1 desember 2017:	kr 243 754

# Norges nasjonalparker

Lom sentrum, Fossbergom, er ein av fem tettstadar i Norge som har status som nasjonalparklandsby, og er ein naturleg innfallsport til nasjonalparkane Jotunheimen, Reinheimen og Breheimen.

Lom har vore pilot for den nye merkevara til Norges nasjonalparker, i samarbeid med Norsk fjellsenter og Jotunheimen nasjonalpark.

Ta gjerne kontakt med landsbykoordinator Åshild M. Amundsen ([ashild.amunden@lom.kommune.no](mailto:ashild.amunden@lom.kommune.no)) dersom du ynskjer å vite meir om Lom nasjonalparklandsby.

For meir informasjon om dei fem nasjonalparklandsbyane, ta kontakt med Bjørn Åge Jenssen ([bjorn.aage.jenssen@npkl.no](mailto:bjorn.aage.jenssen@npkl.no)).

## Kontaktinformasjon Norges nasjonalparker

Telefon:	03400/73 58 05 00   Faks: 73 58 05 01
E-post:	<a href="mailto:post@miljodir.no">post@miljodir.no</a>
Nett:	<a href="http://www.miljodirektoratet.no">www.miljodirektoratet.no</a>
Post:	Postboks 5672 Sluppen, 7485 Trondheim
Besøksadresse:	Brattørkaia 15, 7010, Trondheim